



Sak til årsmøtet til Hafslo IL torsdag 13.februar 2025

Sak 11: Handsame organisasjonsplanen til Hafslo IL

Saksutgreiing:

På årsmøtet 29.02.2024 vart det vedteke følgjande når det gjeld organisasjonsplanen vår:

Hafslo IL vedtek ny organisasjonsplan for 2023–2026 slik den vert lagt fram for årsmøtet 29.02.2024. Nytt hovudstyre får mandat av årsmøtet til å gjere tilpassingar i organisasjonsplanen saman med særgruppene ut i frå behov i planperioden. Eventuelle endringar av organisasjonsplanen må skje på ordinære eller ekstraordinære årsmøte i løpet av planperioden.

Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar for 2024, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Vurdering av framlegget:

Hovudstyret i Hafslo IL har ein vedteken organisasjonsplan for 2023-2026. Hovudstyret og særgruppene har ikkje fremja endringar av denne i 2024, og godkjenning av gjeldande organisasjonsplan vert lagt fram for årsmøtet 13.02.2025 for godkjenning slik den er, med følgjande framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Hafslo IL vidarefører organisasjonsplanen 2023-2026 slik den er. Så får styret og gruppene mandat til å gjennomføre ein prosess med framlegg til endringar i organisasjonsplanen fram mot neste årsmøte. Dette inneber involvering av gruppene, at planen vert lagt ut på høyring, og at organisasjonsplanen vert oppdatert i tråd med behov, samansetning av gruppene og aktivitet på årsmøtet i 2026.

Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar for 2025, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Hafslo 04.02.2025

Ove Midtbø
Leiar Hafslo IL
Tlf. 41375655